



Saksframlegg

Skulerute 2026-2027

Samandrag:

I Opplæringslova har skuleruta status som lokal forskrift. Skuleruta må såleis godkjennast årleg.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. kommunestyret vedtek skulerute for 2026-2027, slik den ligg føre
2. kommunestyret delegerer til kommunedirektøren å gjere vedtak i sak om skulerute for skuleåret 2027-2028 og påfølgjande skuleår
3. kommunestyret ber administrasjonen arbeide delegeringa av myndet, om å gjere vedtak om skulerute til kommunedirektøren, inn i den pågåande revisjonen av delegeringsreglementet

Saksopplysninger:

Ny opplæringslov frå 2024, har gjeve skuleruta status som lokal forskrift. Det må såleis gjerast vedtak om skulerute for kommunen årleg.

Framlegget til skulerute for Hareid, for skuleåret 2026-2027, følgjer i stor grad fylkeskommunen si skulerute og har vore send ut til avgrensa høyring og gjennomgang i rektorgruppa og med hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet, etter Forvaltningslova §37. Fylkeskommunen si skulerute er styrande for korleis Fram planlegg skuleskyssen sin i fylket. Det er såleis lite rom for kommunane å legge opp til skuleruter som avviker særleg frå fylkeskommunen si og difor også eit spørsmål ein må ta stilling til; om det tener føremålet å gjere vedtak om kommunal skulerute etter ei konservativ tolking av forvaltningslova og handsaming av denne som ei lokal forskrift, i levekårsutvalet, formannskapet og kommunestyret.

Kommunelova §5-4 opnar for at kommunestyret kan delegere mynde til å gjere vedtak til andre rettssubjekt, så langt lovverket opnar for det, samt gjere vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Opplæringslova §14-1, som vedkjem skulerute og lengda på skuleåret, omtalar kommunen og fylkeskommunen som dei som skal gjere vedtak i saka.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer sak om skulerute for 2026-2027 kan vedtakast slik den ligg føre i saka, med bakgrunn i ei avgrensa høyring og gjennomgang i rektorgruppa og med hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet.

Det er vidare kommunedirektøren si oppfatning at vedtak i sak om skulerute for skulane, kan gjerast administrativt etter dette skuleåret. Kommunen si skulerute må, av praktiske og økonomiske årsaker, følgje fylkeskommunen si skulerute. Såleis bør difor sakshandsaminga vere enklast råd, slik kommunelova opnar for, med ei delegering frå kommunestyret til kommunedirektøren.

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Helge Hamre
Kommunalsjef læring og kultur